

# Bioregion Vestland

## Design Region Bergen

Bioregion Vestland er eit designdrevet utviklingsprosjekt. Vi vil utvikle ei regional sirkulær verdikjede som stimulerer bedrifter på Vestlandet til grøn omstilling gjennom nyskapande produksjon, tenester og produkt som fasar ut plast. Vi famnar tre-, marin- og landbruksnæring, næringsmiddel- og ferdigvareindustri. Vi vil aktivere ny næring ved å nytte eksisterande FoU, som bruker avfall som ressurs. Leveransen frå forprosjektet inneheld kartlegging av regionale forhold samt forankring og kvalifisering av 3-4 hovudprosjekt.



### Prosjektidé

Det overordna målet med Bioregion Vestland prosjektet er å initiere fleire hovudprosjekt som vil gjere næringslivet rusta til ei berekraftig framtid og skape ny grønn næring på Vestlandet.

Miljøaspekt må gjennomsyre ein kvar produksjon og tenesteutvikling. Det tvingar oss til å revurdere alt vi tatt for gitt; korleis vi lever, kva vi produserer og konsumerer. I 2020 skal eingongsplast utfasast i Noreg, og Bergen kommune har sett som mål å vere fossilfritt i 2030.

Samfunnet og næringslivet må omstille seg til å verdsette organiske og tekniske næringsstoff, som tidlegare var sett på som avfall. Vi skal bygge på kunnskap utvikle i FoU prosjekt støtta av Regionale forskningsfond og EU for å aktivere næring frå kunnskapen som blitt utvikla. Ein må i tillegg ta vare på produksjonskompetanse regionalt, som tidlegare vart eksternalisert til andre verdsdelar; bygge byar i

sirkulært perspektiv og erstatte petroleumbaserte materialar som har løyst oppgåver for oss i eit halvt århundre.

Vestlandet er ei region med store naturressursar, frå landbruk, næringsmiddel, tre og hav. Vi skal bruke menneskeorientert design thinking metodologi for å utforske alle muligheter; frå bioavfall, materialproduksjon, ferdigvereindustri, finne kortare syklusar som vil skape grønne løysingar og ny berekraftig næring i regionen, med overføringsverdi nasjonalt.

## Bakgrunn

Verden og regionen står innfor enorme endringar. Det tvingar oss til å revurdere alt vi tatt for gitt; korleis vi lever, kva vi produserer og konsumerer. Kva om vi kunne utvikle ein regional produksjon som brukar rein energi og kort transport?

Miljøvernministeren har mål om å utfase eingangspplast i Norge innan 2020. Petroleumbaserte materialar, som har løyst oppgåver for oss i eit halvt århundre må erstattast. Alle eingangspplast produkt og -emballasje skal vekk. Det vil komme restriksjonar som gjer det naudsynt å erstatte fossilbaserte materialar i alle produkt vi brukar. Kven skal produsere dei nye løysingane som industrien trenger? Kor skal dei komme ifrå?

Bergen kommune har vedtatt å vere fossilfritt i 2030. Samfunnet og næringslivet må omstille seg; til å verdisetje organiske og tekniske næringsstoff, som tidligare kun var boss; ta vare på produksjonskompetanse regionalt, som tidligare vart eksternalisert til andre verdsdelar og bygge byar i sirkulært perspektiv. Korleis skapar vi internasjonalt konkurranskraftige grønne løysingar, inspirert av problemstillingane i den Vestlandske konteksten?

Bioregion Vestland er eit tidligfaseprosjekt basert på eksisterande FoU, for å stimulere lokalproduksjon og nyskapande tenester for å redusere klimaavtrykket, utvikle ersettingar for bruk av eingangspplast og auke verdiskapinga av SMBer på Vestlandet. Design Region Bergen klynga sin tilnærming for å utforske moligheitsrom og skape innovasjon, for samfunn og næring er å bruke strategiske designmetodar. Eksemplar på slik metodikk er design thinking og system-orientert design. Tverrfaglig samhandling gjer større innsikt, bryter ned tradisjonelle siloar, for å kunne skape endring, sammen. Her vil mennesket plasserast mennesket i sentrum av prosessar og er merksam på kontekst og systemiske samheng. Resultatet er meir veloverveide, nøkterne løysingar, som i større grad treffer folk sine behov og finn fram til uventande muligheter for verksemdene.

Design Region Bergen (DRB) representerer bredda i designfaget; det famnar om handverk og unikaprodukt, til grafisk, UX, industridesign og tenestedesign, via møbel, urban, interiør design og design thinking (utviklingsmetodikk). Alle er viktige verkemiddel for den omstilling samfunnet og industrien må igjennom. Frå tiår tilbake i tid, har designfaget og menneskelege brukarprosessar bidratt til å skape økt konsum, idag løyser designfaga i aukande grad komplekse utfordringar, kvart fagområde på sin måte, med si spesifikke kunnskap.

## Bioregion Vestland delprosjekt

### **Biomaterial**

For å oppnå redusert karbon fotavtrykk og oppnå målsetting om ei fossilfri framtid, må vi redusere behov for transport ved å skape kortare regionale og sirkulære produksjonssykluser. Bioregionprosjektet utforskar moglegheita for å gje avfall frå landbruk, mat- og treindustrien, ein auka meirverdi gjennom designprosessar. Ved å lage biomateriale av organiske næringsstoffer på Vestlandet kan vi skape erstatningar for eingangspplast og andre komposittmateriale, i ein kort verdikjede. Det er ei kortsiktig strategi å eksternalisere avfall, som National Sword viser (Kinas tiltak for å redusere mottak av utlandsk avfall), det same gjelder import av materialar.

Bioregionen vil dyrke dei unike materialane frå Vestlandet for å levere nyskapande og fossilfrie løysingar til matvare-, ferdigvareindustrien og byggbransjen. Mellomstore bedrifter i landbruk-, tre- og marin industri, blir involverte med mål om å finne nye sirkulære forretningsmodellar for produksjon av biomateriale som er komposterbart.

Designarar, bønder, næringsmiddelprodusentar, materialeksperter, arkitektar med fleire, samarbeider for å dekke hele verdikjeda frå verdisetting av biologisk avfall frå og landbruksbasert avfall til deira transformasjon i bio-basert bygning og produksjonsmateriale. Målet er å skape ny næring som leverer ersettelse av plast og andre oljebaserte materiale og styrke og skape dei korte sirkulære verdikjedene.

### **Essensielle handverk**

Bioregionen vestlandet vil bli ei reaktualisering av historisk kunnskap i moderne kontekst, nyskapande berekraftig materialutvikling, landbruk i urban kontekst og estetikk knytta til gjenbruk. Målet vil vere å utvikle nye kvalitetsprodukt av nye/regenererte materiale med heilheitleig og langsiktig design som berande element i berekraftige, transparente produksjonsprosessar. Før industrialiseringa var det lite avfall, det meste ble brukt eller resirkulert. Den lineære modellen frå industrien har utdatert verdifull kunnskap om berekraftige system, som tidligare generasjonar brukte. I møtet mellom tradisjonell og ny kunnskap kan vi skape ei ny modernitet, ny estetikk og nye rituale.

Dei lokale verdikjedene er avgjerande for å oppnå eit paradigmeskifte til ein sirkulær økonomi, med alle de fordelene dette medfølger. Essensielle handverk “dyrker” frem nye produkter som utnytter råvarer og produksjon på tvers av industrier og bedrifter. I vår arbeidsgruppe har vi medlemmar frå blant annet ferdigvareindustrien som kan nytte regional produksjonskompetanse som gir meirverdi.

Eit vakkert eksempel på biomaterial som blitt 3D printa byggmateriale og testa i husbygging;

<https://3dprintcanalhouse.com/>

Forprosjektet vil kartlegge regional industri som vil kunne transformere og levere ferdige produkt frå komposterbare biomaterialar og ny produksjon av reparerbare og resirkulerbare produkt.

## **Samarbeidspartnarar**

### **Temagrupperåd:**

- Design Region Bergen
- Fylkesmannen i Vestland, landbruk
- Bergen kommune, Byrådsavdeling for klima, kultur og næring
- Høgskulen på Vestlandet, Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling.
- UiB, KMD, Insitutt for Design
- bGreen

### **Deltakare:**

-Det blir utlyst interessesøknad til prosjektet for deltakelse av DRB medlemmar den 20 september. Prosjektet har eit honorarbudsjettt til utvalgte deltakarar som er medlemmar i DRB.

-Tre-, marin- og landbruksnæring, næringsmiddel- og ferdigvareindustri blir invitert og mobilisert i september og oktober gjennom ulike arenaer og nettverk.